

Linda Røyseth Sandhåland  
Skurtveitvegen 66  
5917 ROSSLAND  
E-post: [linda.royseth@online.no](mailto:linda.royseth@online.no)  
Mob: 952 07 796

28.februar 2017

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

## **VEDLEGG TIL SØKNAD OM KULTURMIDLAR: VIDEODOKUMENTASJON AV «GJEST BAARSDEN - SONG, SEGN OG SANNING»**

### **Bakgrunn:**

Det er i år 10 år sidan Leif Johnsen, Agnar Sagstad og Linda Røyseth Sandhåland – alle heimehøyrande i Meland, første gong presenterte framsyninga «Gjest Baardsen – song, segn og sanning» for publikum. Prosjektet vaks fram som idé då utøvarane møttest og etter kvart fann at dei kvar for seg sat på ein rik kunnskap om meistertjuven, visediktaren og forfattaren Gjest Baardsen (1791-1849). Kvar for oss og saman har me oppsøkt kjeldene: Me har vore i folkemusikkarkivet Arne Bjørndals samling på jakt etter gamle notar og opptak med viser av Baardsen som har gått over i folkesongtradisjonen vår, me har vore i Statsarkivet i Bergen der me har sett rettsprotokollar og vore i samtale med statsarkivar Yngve Nedrebø som har studert det meste av dokumentasjon om Gjest Baardsen sitt liv, lese Gjest Baardsen sin sjølvbiografi, boka «Jakten på Gjest Baardsen» av Erling Gjelsvik, ulike artiklar med meir. I nokre av framsyningane våre har me også vist klipp frå filmen om Gjest Baardsen av Tancred Ibsen. I framsyninga har me samla mange av trådane og me prøver å få fram eit meir nyansert bilete av den myteomspunne mannen. Kven var han egentleg? Nær 170 år etter sin død lever framleis namnet, visene og segnene om han over store deler av Vestlandet. Kva er myter, kva er røyndom?

Framsyninga var ein del av det offisielle programmet for Kystsogevekene 2008, og var då på turné i Meland, Bergen, Askøy og Austevoll. Seinare har framsyninga vorte presentert fleire gongar i Meland, samt i Lindås, Masfjorden og på Røvær/Haugesund. I samband med framsyningane våre har publikum delt enno fleire segner om Gjest Baardsen, noko som viser at mytene om han framleis lever og såleis er det også eit stykke kulturhistorie som har vorte samla undervegs.

### **Prosjektet vidare:**

Me ynskjer å arbeida vidare med å formidla historia om Gjest Baardsen og planlegg mellom anna å presentera den for publikum ulike stadar me veit at han har vore, mellom anna på Byrknesøy. Me ynskjer også å få gjort videodokumentasjon av framsyninga då dei lokale segnene og folkesongane er ein viktig del av vår immaterielle kulturarv som det i dag stadig vert færre som har kunnskap om. Me ser verdien av at dette må verta dokumentert, arkivert og gjort tilgjengeleg for publikum anten lokalt eller regionalt.

### **Budsjett, videodokumentasjonsprosjekt:**

Utgifter til lokalt selskap som kan gjera videoopptak, redigering m.m.: 8000 kr.

Med venleg helsing  
Linda Røyseth Sandhåland (s)